



Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/2654 - 19/35570

Saksbehandlar:

Andreas Granli

Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:

04.12.2019

## Landbrukssak Gbnr 214/14 Fyllingsnes - landbruksveg - vedtak

Viser til dykkar søknad om bygging av landbruksveg på gnr/bnr 202/14 i Lindås kommune.

### **Saksopplysningar:**

Søkjjar er heimelshavar til gnr/bnr og vegen skal gå på denne eigedommen.

Vegen skal gje tilgang til jordbruksareal og utmark på eigedomen. Det skal byggjast om lag 150 m ny veg i vegklasse 5.

### **Sakshandsaming:**

Søknad om bygging av landbruksveg er handsama etter *Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål*, FOR 1996-12-20 nr. 1200, og etter Naturmangfoldlova der vegen kan påverke natur-eller miljøverdier i området.

Landbruksvegen skal brukast til jord og skogbruk, samt til ei privat hytte.

### Landskap og friluftsliv

Vegen vil ikkje påverka landskapsbilete i særleg negetaiv grad. Vegen ligg godt plassert i terrenget og det vert ikkje store fyllingar eller skjeringar. Vegen vil ha begrensa verdi for friluftslivet da den ikkje er meir enn 150 meter lang.

### Naturmiljø

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).

Det er ikkje kjende registreringar av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i planområde.

### Kulturminne

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

[www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Saka vart send til Hordaland fylkeskommune for uttale om kulturminner og følgjande fråsegn er motteke:

*Saka gjeld bygging av landbruksveg på Fyllingsnes i Radøy kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.*

*Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med vegen. Vi har difor ingen avgjerande merknader til denne, utover at ein under opparbeiding av vegen søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.*

*Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.*

**Vedtak:**

Anders Brakvatne får løyve til å byggje landbruksveg som omsøkt på gnr/bnr 202/14 i Lindås kommune.

Vilkår for løyve:

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet med vegen må alt arbeid stogkast, og Hordaland fylkeskommune varslast (Telefon 55 23 90 00).
- Vegen skal byggast slik kartet viser.

Vedtaket er gyldig til 05.12.2022

**Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan frist for løyve , fell løyvet bort, jf FOR-1996-12-20-1200 § 3-3.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Lindås kommune.

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b  
Dersom du har spørsmål i saka, kontakt Andreas Granli.*

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
landbrukssjef

Andreas Granli

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*